



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Dalsfjorden, Volda rådhus
Dato: 16.10.2018
Tid: 13:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Åshild Vik – gjekk 13:35	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Margrete Trovåg	Medlem	AP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Elin Mari Løvøy Wilhelmsen	Sindre Kvangarsnes	FRP
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H
Annlaug Stokke – møtte 13:35	Åshild Vik	MDG
Milan Ilic	Margrete Trovåg	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Heltne	Fagansvarleg plan
Berit Sandvik Skeide	Planleggar – PS 74/18, 76/18
Ingvild Kalvatn	Ingeniør byggesak



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 68/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 69/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 70/18	Gbr 2/3 - Jordlovshandsaming av søknad om deling av landbrukseigedom
PS 71/18	Gbr 2/3 - Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå kommuneplan - kystsoneplan for Lid/Berknes
PS 72/18	Gbr 12/2 Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå kommunedelplan.
PS 73/18	Handsaming etter høyring. Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan, gbr. 19/35
PS 74/18	Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan og forbodet mot bygging i 100-metersbeltet, gbr. 161/5
PS 75/18	Endring av adressenamnet Grendavegen - høyring/offentleg ettersyn
PS 76/18	GBR. 7/7. Masseuttak Alida. Avslutting av masseuttak
PS 77/18	Søknad frå Sunnmøre friluftsråd om tilskot til skjergardstenesta i Møre og Romsdal
PS 78/18	Gbr 47/1 – Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom – Monica Leite Høydal og Arne Johan Høydal

PS 68/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var åtte røysteføre ved møtestart.

Innkalling:

Ettersendt dokument 16.10.18:

Uttale frå Grunneigar til PS 76/18

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:



VOLDA KOMMUNE

Det vart opplyst om at PS 73/18 vart trekt frå saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 69/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til protokollen frå forrige møte.

Røysting:

Protokollen frå forrige møte vart samrøytes godkjent.

PS 70/18 Gbr 2/3 - Jordlovshandsaming av søknad om deling av landbrukseigedom

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 02.07.2018, frå Runar Inge Bjerknes, eigar av gnr 2 bnr 3. Det vert søkt om frådelling av tomt på 750 m² med påståande bustadhus frå landbrukseigedom.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådelling av 750 m² slik det er søkt om. Grunngevinga er at noverande drift på landbrukseigedom ikkje har behov for to våningshus.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 16.10.2018:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 02.07.2018, frå Runar Inge Bjerknes, eigar av gnr 2 bnr 3. Det vert søkt om frådelling av tomt på 750 m² med påståande bustadhus frå landbrukseigedom.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådelling av 750 m² slik det er søkt om. Grunngevinga er at noverande drift på landbrukseigedom ikkje har behov for to våningshus.

PS 71/18 Gbr 2/3 - Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå kommuneplan - kystsoneplan for Lid/Berknes

Administrasjonen si tilråding:

- Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommuneplan (kystsoneplan for Lid/Berknes) for frådelling av bebyggd bustadtomt frå gnr 2 bnr 3 i samsvar med søknad og tilhøyrande situasjonsplan datert 02.07.2018.*



VOLDA KOMMUNE

2. *Ved handsaming av delingsløyvet vil det kunne settast vilkår om at avløpsanlegget vert oppgradert i samsvar med dei krav som avløpsmyndet måtte ha.*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 16.10.2018:

1. *Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommuneplan (kystsoneplan for Lid/Berknes) for frådelling av bebyggd bustadtomt frå gnr 2 bnr 3 i samsvar med søknad og tilhøyrande situasjonsplan datert 02.07.2018.*
2. *Ved handsaming av delingsløyvet vil det kunne settast vilkår om at avløpsanlegget vert oppgradert i samsvar med dei krav som avløpsmyndet måtte ha.*

PS 72/18 Gbr 12/2 Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå kommunedelplan.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser til utgreiing i saka og vedtak i sak 61/18 og gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Volda sentrum –inkludert Mork-Furene og Vikebygda (planID 2007010), for frådelling av bustadtomt med påståande bustadhus, i samsvar med søknad og situasjonsplan dagsett 15.05.2018.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 16.10.2018:

Forvaltningsutvalet viser til utgreiing i saka og vedtak i sak 61/18 og gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Volda sentrum –inkludert Mork-Furene og Vikebygda (planID 2007010), for frådelling av bustadtomt med påståande bustadhus, i samsvar med søknad og situasjonsplan dagsett 15.05.2018.



PS 73/18 Handsaming etter høyring. Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan, gbr. 19/35

Handsaming:

Saka vart trekt frå saklista.

PS 74/18 Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan og forbodet mot bygging i 100-metersbeltet, gbr. 161/5

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kystsoneplan for Lauvstad – Ulvestad (kommunedelplan) og forbodet mot bygging i 100-metersbeltet for tilbygg til hytte på gnr. 161, bnr. 5

Det vert sett følgjande vilkår for dispensasjonen:

- 1. Omsøkte tilbygg mot vest vert teke bort.*
- 2. Terrassen på austsida vert redusert som vist på skisse i saksframlegget.*
- 3. Hytte med tilbygg og terrasse skal ha ein avdempa og farge tilpassa omgjevnadene.*
- 4. Eksisterande tre og anna skjermende vegetasjon mellom hytta og sjøen/badeplassen skal takast vare på.*

Handsaming:

Elin Løvøy Wilhelmsen reiste spørsmål om gildskap grunna arbeidsforhold i Sparebanken Møre, jamfør koml. §40 og forv. §6.2. Ho gjekk frå under røysting om gildskap.

Det var sju røysteføre under handsaming av gildskap.

Elin Løvøy Wilhelmsen vart samrøystes kjent gild og tok sete. Det var åtte røysteføre under handsaming av saka.

Åshild Vik gjekk kl 13:35 og Annlaug Stokke tok sete.

Berit Sandvik Skeide orienterte og svarte på spørsmål frå Forvaltningsutvalet.

Petter Espe bad om punktvis røysting.

Røysting:

Punkt 1: Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Punkt 1.1: Øyvind Festø og Annlaug Stokke røysta for administrasjonen si tilråding, medan Petter Espe, Magnar Sunde, Erlend Koppen, Magny Fylling, Milan Ilic og Elin Løvøy Wilhelmsen røysta i mot. Administrasjonen si tilråding fekk to mot seks stemmer og fall.



VOLDA KOMMUNE

Punkt 1.2: Petter Espe og Elin Løvøy Wilhelmsen røysta i mot administrasjonen si tilråding, medan Magnar Sunde, Erlend Koppen, Magny Fylling, Milan Ilic, Øyvind Festø og Annlaug Stokke røysta for. Administrasjonen si tilråding fekk seks mot to røyster og vart vedteke.

Punkt 1.3: Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Punkt 1.4: Petter Espe og Elin Løvøy Wilhelmsen røysta i mot administrasjonen si tilråding, medan Magnar Sunde, Erlend Koppen, Magny Fylling, Milan Ilic, Øyvind Festø og Annlaug Stokke røysta for. Administrasjonen si tilråding fekk seks mot to røyster og vart vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 16.10.2018:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kystsonenplan for Lauvstad – Ulvestad (kommunedelplan) og forbodet mot bygging i 100-metersbeltet for tilbygg til hytte på gnr. 161, bnr. 5

Det vert sett følgjande vilkår for dispensasjonen:

- 1. Terrassen på austsida vert redusert som vist på skisse i saksframlegget.*
- 2. Hytte med tilbygg og terrasse skal ha ein avdempa og farge tilpassa omgjevnadene.*
- 3. Eksisterande tre og anna skjermende vegetasjon mellom hytta og sjøen/badeplassen skal takast vare på.*

PS 75/18 Endring av adressenamnet Grendavegen - høyring/offentleg ettersyn

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med bakgrunn i mottekne framlegg til nytt adressenamn i Grendavegen vert namnet **Heklå** vedteke sendt på høyring.*
- 2. Når høyringsfristen er ute skal saka leggjast fram til endeleg handsaming i forvaltningsutvalet.*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 16.10.2018:

- 1. Med bakgrunn i mottekne framlegg til nytt adressenamn i Grendavegen vert namnet **Heklå** vedteke sendt på høyring.*
- 2. Når høyringsfristen er ute skal saka leggjast fram til endeleg handsaming i forvaltningsutvalet.*



PS 76/18 GBR. 7/7. Masseuttak Alida. Avslutting av masseuttak

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet held fast ved vilkåra sett i Det faste utvalet for plansaker, sak 0015/04, og vilkåra i delegert sak DS BO 0082/04. Tilstelling skal vere slutført innan 1.1.2020.

Handsaming:

Ettersendt dokument 16.10.18:

«Uttale frå grunneigar» vart lagt på lesebretta møtedagen og delt ut i møtet.

Berit Sandvik Skeide orienterte og svarte på spørsmål.

Magnar Sunde fremma følgjande:

Forvaltningsutvalet ber grunneigar om å legge fram eit forslag der det meste av det brukte arealet vert tilbakeført slik det var sagt i tilsagnet frå 2004, eventuelt med eit mindre areal med plass til noko lagring av utstyr.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og framlegget frå Magnar Sunde.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 16.10.2018:

Forvaltningsutvalet ber grunneigar om å legge fram eit forslag der det meste av det brukte arealet vert tilbakeført slik det var sagt i tilsagnet frå 2004, eventuelt med eit mindre areal med plass til noko lagring av utstyr.

PS 77/18 Søknad frå Sunnmøre friluftsråd om tilskot til skjergardstenesta i Møre og Romsdal

Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommune løyver kr. 10 000,- som tilskot til Skjergardstenesta jf. søknad frå Sunnmøre friluftsråd datert 14.09.2018.*
2. *Løyvinga vert dekt over driftsbudsjettet til sektor for utvikling.*

Handsaming:

Annlaug Stokke reiste spørsmål om gildskap då ho er vara i styret til Sunnmøre Friluftsråd, jamfør koml. §40 og forv. §6, 1. ledd e, nr.1. Ho gjekk frå under røysting av gildskap. Det var sju røysteføre under handsaminga av gildskap.

Annlaug Stokke vart samrøystes kjent ugild, og gjekk frå under handsaming av saka.

Det var sju røysteføre under handsaming av saka.



VOLDA KOMMUNE

Øyvind Festø fremma følgjande:

1. *Volda kommune løyver kr. 20 000,- som tilskot til Skjergardstenesta jf. søknad frå Sunnmøre friluftsråd datert 14.09.2018.*
2. *Løyvinga vert dekt over driftsbudsjettet til sektor for utvikling.*

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og framlegget frå Festø.

Øyvind Festø stemte for sitt framlegg, medan Magnar Sunde, Milan Ilic, Elin Løvøy Wilhelmsen, Petter Espe, Erlend Koppen og Magny Fylling røysta for administrasjonen si tilråding.

Øyvind Festø sitt framlegg fekk ei røyst og fall, medan administrasjonen si tilråding fekk seks røyster og vart vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 16.10.2018:

1. *Volda kommune løyver kr. 10 000,- som tilskot til Skjergardstenesta jf. søknad frå Sunnmøre friluftsråd datert 14.09.2018.*
2. *Løyvinga vert dekt over driftsbudsjettet til sektor for utvikling.*

Annlaug stokke tok sete, det var åtte røysteføre.

PS 78/18 Gbr 47/1 – Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom – Monica Leite Høydal og Arne Johan Høydal

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser til søknad datert 22.08.18 om konsesjon på gnr. 47 bnr. 1 i Volda kommune. Det vert vist til konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gitt konsesjon til Monica Leite Høydal, fødd 23.02.73, og Arne Johan Høydal, fødd 09.07.69. Det vert sett vilkår om personleg buplikt på eigedomen i 5 år, frist for tilflytting er 1 år etter tinglyst skøyte. Dette vert grunngjeve med arealressursane på bruket og at det ligg i eit område med nedgang i folketalet.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 16.10.2018:

Forvaltningsutvalet viser til søknad datert 22.08.18 om konsesjon på gnr. 47 bnr. 1 i Volda kommune. Det vert vist til konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gitt konsesjon til Monica Leite Høydal, fødd 23.02.73, og Arne Johan Høydal, fødd 09.07.69. Det vert sett vilkår om personleg buplikt på eigedomen i 5 år, frist for tilflytting er 1 år etter tinglyst skøyte. Dette vert grunngjeve med arealressursane på bruket og at det ligg i eit område med nedgang i folketalet.



VOLDA KOMMUNE

Møte slutt 14:40

Rett utskrift,
Volda kommune, Servicekontoret
17.10.18

Sunniva Utnes
Konsulent